


**HELLAND SKULE**



## **Plan for trivsel og orden**

### **Helland skule/SFO**

#### **VISJON**

**Vi ønskjer eit trygt, utfordrande og stimulerande lærings- og oppvekstmiljø for elevane ved Helland skule.**

Godkjent av SU/SMU 02.09.2019

## Innhald

Side 1 Framside m/visjon

Side 2 Innhald

Side 3-5 **Del 1**

1.1 Suksess-faktorar

1.2 Dette får vi til ved at.....

1.3 Hjelpeverktøy

1.3.1 Dialog om anna utvikling/elevsamtalen

1.3.2 Føresette

1.3.3 Klasseteam

1.3.4 Storteam

1.3.5 Sosiallærer

1.3.6 Personar med kompetanse i handtering av elevkonfliktar/mobbing

1.3.7 Trivselsundersøkinga og elevundersøkinga

1.3.8 Leikepatruljen

1.3.9 Sosialpedagogisk arbeid

1.3.10 MOT

Side 5-7 **Del 2**

2.0 Konflikthandtering

2.1 Definisjon av konflikt

2.2 Kva gjer vi om vi får ei konflikt mellom elevar.

2.3 Elevar som løyser konfliktar mellom elevar

3.0 Handtering av krenking

3.1 Definisjon av krenking

3.2 Aktivitetsplan

3.3 Kva gjer vi om det meldast/oppdagast/avdekkast at ein elev er krenka.

3.4 Sanksjonar

4.0 Regelverk som støtter Trivselsplanen

4.1 Kapittel 9 A. Elevane sitt skolemiljø

*Vedlegg: Helland skule sine lokalt vedtekne ordensreglement,  
trivselsreglement og nettvettreglar*

## **DEL 1**

### **1.1 Suksess-faktorar**

- X Barn og vaksne opplever at skulen er ein trygg og god plass å vere
- X Barn og vaksne respekterer kvarandre
- X Barn og vaksne trivst saman
- X Barn erfarer at dei lærer
- X Trygge vaksne ser elevane og deira individuelle behov
- X Barn opplever at dei får utfordringar på sitt nivå

### **1.2 Dette får vi til ved at vi vaksne..**

- X Er godt førebudde til undervisninga
- X Jobbar målretta med klasse miljø gjennom heile skuleåret
- X Tek opp spørsmålet om trivsel i samtalar med enkeltelevar
- X Har ei god kommunikasjonlinje med heimen
- X Er raske til å gå inn og løyse konflikhtar mellom elevar
- X Gjer kartlegging av trivsel gjennom undersøkingar
- X Melder frå oppover i systemet når vi ikkje klarer å løyse konflikhtar

### **1.3 Hjelpverktøya**

#### **1.3.1 Dialog om anna utvikling/elevsamtalen**

Dialog om anna utvikling er uformelle samtalar mellom kontaktlærar og elev der faglege og sosiale sakar blir tatt opp. Elevsamtalen er ein formell samtale mellom elev og kontaktlærar. Samtalen går føre seg to gonger pr. skuleår, og skal ha fokus både på det faglege og det sosiale. Elevsamtalen er også ei førebuing til kontaktmøtet mellom elev, føresette og kontaktlærar.

#### **1.3.2 Føresette**

Dei føresette til ein elev er ein viktig faktor når det gjeld å oppdage om ein elev mistrivst. Det er i så måte viktig å ha eit trygt og godt samarbeid mellom føresette og kontaktlærar, slik at det blir ei ope kommunikasjonlinje mellom heim og skule.

Foreldrekontakter på klassenivå vurderer aktivitetar utanom skuletid i samarbeid med foreldregruppa.

#### **1.3.3 Klasseteam**

På Helland skule har vi som mål å ha tettast moglege klasseteam, det vil seie å unngå at lærarar arbeider på mange team og i mange klasser. Det blir då lettare å finne tid til samarbeid.

Klasseteamet si rolle er å jobbe med klasse miljøet og gi kvarandre råd om handtering av klassar og enkeltelevar. Klasseteamet lagar også fellesreglar som gjeld for heile årssteget.

### **1.3.4 Storteam**

På Helland skule er årsstega organisert i storteam. 1. – 4. steg som eit storteam, 5. – 7. steg som eit og 8. – 10. steg som eit. Ein bit av arbeidet til storreama er å jobbe med trivselstiltak som er felles for stega på storreamet, samt gje kvarandre rettleiing og tips i elevsaker. Døme på trivselstiltak kan vere turar og framsyningar.

### **1.3.5 Sosiolærarar**

På ungdomssteget har vi 2 sosiolærarar. Dei har ein viktig rolle i trivselen hos elevane. Elevane kan avtale tid med ein av sosiolærarane, eller kontaktlærar ber sosiolærar om å ta ei samtale med eleven. Vi har pr. i dag ein kvinneleg og ein mannleg sosiolærar, dette meiner vi er ei god løysing grunna at det ikkje er like enkelt for ei jente å fortelje om problema sine til ein mann og vice versa.

### **1.3.6 Tilsette med kompetanse i handtering av elevkonfliktar/mobbing**

På Helland skule har vi tilsette som har fått kurs i handtering av mobbing. Dei skal ta seg av mobbesaker og elevkonfliktar som ikkje løyser seg, eller er av ein slik art at det krev høg kompetanse på området.

### **1.3.7 Trivselsundersøkinga og elevundersøkinga (Udir og Spekter)**

På Helland skule har vi ei trivselsundersøking som årsstega skal gjennomføre to gonger i året. Denne undersøkinga skal avdekkje om elevar mistrivst og/eller er utsette for mobbing.

Undersøkinga blir oppsummert i lærarkollegiet, slik at alle i skulesamfunnet får informasjon om elevar vi må vere merksame på og at nødvendige tiltak blir sett i verk. I tillegg deltek skulen på den obligatoriske elevundersøkinga.

### **1.3.8 Leikepatruljen**

- Tilsyn om m Det er ikkje eit antimobbeprogram. I tillegg til å auke aktivitetsnivået, skal de valde leikepatruljeførarane jobbe for å inkludere alle elevane i leiken, slik at ingen går einsame. Elevar vert nominert til å vere leikepatruljeførarar, dei som får tilbodet får eit kurs der dei lærer om ulike aktivitetar. Skulen har ei grunnpakke med utstyr. Leikepatruljeførarane går ut før langfriminuttet startar og lagar ulike leik-stasjonar der elevane vel ein aktivitet.

### **1.3.9 Sosialpedagogisk arbeid**

Ved skulen blir det arbeidd både klassevis og på tvers av klassar med aktivitetar innan sosialpedagogisk arbeid. Aktivitetar på hovudstega:

- **1.-4.klasse:** Elevane deltek i utforming av klassereglar med fokus på korleis vi skal ha det på skulen og korleis vi skal oppføre oss i samspel med andre. Reglane blir synleggjort på kvart klasserom. Lærarane jobbar bevisst med styrte aktivitetar for å skape inkludering og gode relasjonar, både i timane og i friminutta. For eksempel enkeltopplegg frå “Det er mitt val”, sosial samtale etter friminutta (der elevane får rangere om dei har hatt eit bra, ok eller dårleg friminutt og samtale om rangeringa), øvingar og aktivitetar i ulike fag med fokus på å utvikle respekt, toleranse, samvit, empati, sosial kompetanse, gode haldningar og verdier. Annakvart år har vi felles framsyning 1.-4.klasse for andre elevar, barnehagar og foreldre. I forbindelse med tv-aksjonen arrangerer 3.klasse felles lunsj for 1.-4.klasse i aulaen kvart år. Ulike formingsaktivitetar på tvers av klassar og trinn for eksempel til jul, påske, haust, vinter, vår og sommar. Alle elevane har faddrar frå eldre klassesteg. Klassane har fadderaktivitetar og faddersamarbeid fleire gongar i året. Årleg har ein felles markering av “Partnerskap mot mobbing” i september og solidaritetsjogg, felles joggedag 1.-10.klasse siste dag før haustferien. Ein har også tur dagar og fjellturar på tvers av klassar og trinn elles i året. I friminutta kan elevane delta på leikepatruljeaktivitetar.

- **5.-7.klasse:** På mellomsteget arbeider vi med temaa i m.a. KRLE, samfunnsfag og norsk som sett fokus på sosialpedagogisk øving og utvikling. Tema som blir tatt opp er t.d. vennskap, respekt, konfliktløsning, medkjensle med andre, empati, toleranse, høflegheit og det å lytte. Vi arbeidar med konfliktløsning i det daglege i aktuelle situasjonar. I tillegg har vi samarbeidsoppgåver i alle fag, der elevane får trene på opptil fleire av desse temaa. Elevane byter på sitteplassane med jamne mellomrom, for å kunne øve på å samarbeide med forskjellige menneske. Gjennom året arrangerast opptil fleire aktivitetar på tvers av trinna. Slike aktivitetar er t.d. joggedag (heile skulen), partnerskap mot mobbing (heile skulen), aktivitetar med fadderklassen og fjelltur på haust og vår (mellomsteget). I friminutta kan elevane delta på leikepatruljeaktivitetar.
- **8.-10.klasse:** På ungdomsskulen blir det arbeidd med sosialpedagogiske og relasjonsfremjande emne i fleire fag. Dialog, empati, val og verdiar er element i fag som samfunnsfag, KRLE og utdanningsval. I løpet av skuleåret har vi fleire ulike arrangement, både på stega og på tvers av stega. Døme på dette er oppstartsveke, joggedag, julearrangement, partnerskap mot mobbing, fadderordning og overnattingsturar m.m. Skulehelsetenesta organiserer besøk av lege og helsesøster der dei tek opp aktuelle tema for elevane. Døme på tema dei tek opp er; vald i nære relasjonar, incest og seksuelle overgrep, rus og psykisk helse. Elevrådsarbeid, leikepatrulje og MOT er òg sosialpedagogisk arbeid som blir omtala andre stader i plan for trivsel og orden.

### 1.3.10 MOT

MOT i ungdomsskulen er eit pedagogisk program der elevane møter MOT 15 gongar over 3 år. Gjennom dialog, øvingar, rollespel og ung- til-ung formidling gjerast ungdom medviten til å ta vare på kvarandre og ta egne val.

To MOT-besøk med foreldre og foreldre/ungdom.

«Ungdom med MOT»-skolering for elevar på 9.steget, som besøker 7.steget tre gonger for blant anna å gjere overgangen frå barneskulen til ungdomsskulen lettare.

Årleg team-samling med lærarane på stega.

## DEL 2

### 2.0 Konflikthandling

2.1 Definisjon av konflikt: *Ein konflikt er ei usemje mellom to likeverdige partar*

2.1 Kva gjer vi om vi får ei konflikt mellom elevar?

Hovudregel: Vi løyser konflikten på lågast mogleg nivå.

NB! Viktig å få ei god oversikt over situasjonen slik at alle detaljar kjem fram.

1. Den som oppdagar konflikten prøver å løyse konflikten der og då. Om konflikten løysast skal kontaktlærarar varslast.
2. Om konflikten ikkje løysast der og då, må kontaktlærarar involverast i løysinga. Kontaktlærarar har samtalar med dei involverte elevane og prøver å få løyst saka, evt. lagar avtalar om vidare handtering av saka. På dette nivået skal dei føresette varslast.
3. Om punkt 1 og 2 ikkje løyser saka løftast den opp til dei/den av personalet som har kompetanse i å løyse konflikta. Personen med kompetanse i konfliktløsning tek over saka og søker i samarbeid med kontaktlærar å løyse ho. Her vil føresette involverast i konfliktløsninga.

2.2 Elevar som løyser konflikt mellom elevar.

Noko som kan vurderast er å lage eit konfliktråd på skulen. Eit for mellomsteget og eit for ungdomssteget. Konfliktrådet består av to elevar som blir kursa i å handsame konflikta.

### 3.0 Handtering av krenkingar

3.1 Definisjon av krenking:

*Ein elev er krenka når han/ho subjektivt opplever ei krenking som gjer at han/ho ikkje opplever eit trygt og godt skulemiljø, eller når vaksne i skulemiljøet melder bekymring om at ein elev er krenka/ har mistanke om at eleven ikkje opplever eit trygt og godt skulemiljø.*

3.2 Aktivitetsplan

Skulen har ei plikt til å **følgje med** slik at vi oppdagar krenkande handlingar som føregjeng. Om det blir oppdaga krenkande handlingar har skulen plikt å **gripe inn, varsle, undersøke** og **utforme tiltak**. Skulen har vidare ei plikt til å **dokumentere** at tiltaka som er iverksett fungerer og evaluere og justere tiltaka slik at eleven opplever eit trygt og godt skulemiljø.

3.3 Kva gjer vi om det meldast/oppdagast/avdekkast at ein elev er krenka.

1. Om mogleg grip inn for å stagge krenkinga. Få snarast mogleg oversikt over situasjonen; kven er krenka, kven krenker, korleis skjer krenkinga og kvar skjer krenkinga.
2. Varsle skuleleiinga. Få så god oversikt over saka som mogleg. Ha samtale med den som opplever krenkinga.

3. Skuleleiinga i samarbeid med varslar/kontaktlærer vurderer når dei føresette skal varslast.
4. Rektor skriv i samarbeid med varslar/kontaktlærer ein aktivitetsplan innan 5 virkedagar.
5. Leiinga evaluerer aktivitetsplana i samarbeid med kontaktlærer eller andre vaksne rundt eleven som opplevde krenkinga.
6. Når skulen er sikker på at eleven opplever eit trygt og godt skulemiljø så vil skulen ved skuleleiinga lukke saka.
7. Skulen ved skuleleiinga og i samarbeid med føresette ville også kunne søke råd frå ekstern ekspertise som t.d. PPT, BUP.

3.4 Sanksjonar mot dei som krenkar om krenkinga ikkje opp høyrer (jf. Forskrift om reglement for orden og åtferd for skulane i Vestnes.)

1. Vere inne i friminutta
2. Følgje den som har inspeksjon ute i friminutta
3. Bytte klasse
4. Bytte skule.

#### **4.0 Trivselsplanen si forankring i Opplæringslova og i lokalt overordna system**

##### **4.1 Kapittel 9 A. Elevane sitt skolemiljø**

###### **§ 9 A-1. Verkeområde for kapitlet**

Kapitlet her gjeld for elevar i grunnskolen og den vidaregåande skolen. Kapitlet gjeld òg for elevar som deltek i leksehjelpordningar og i skolefritidsordningar, med unntak av §§ 9 A-10 og 9 A-11.

###### **§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø**

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

###### **§ 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid**

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

#### **§ 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø**

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå.

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

#### **§ 9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev**

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.



## **§ 9 A-6. Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker.**

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skolen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen.

Skolen og skoleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som Fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka. Fylkesmannen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Fylkesmannen si saksbehandling.

Kjem Fylkesmannen til at skolen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, kan Fylkesmannen vedta kva skolen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Fylkesmannen skal følgje opp saka. Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skolen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skole, jf. § 8-1 fjerde ledd.

Avgjerda til Fylkesmannen er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven. Skoleeigaren har ikkje klagerett.

### **Vedlegg, lokalt vedtekne reglement for Helland skule**

- Ordensreglement
- Trivselsreglement
- Nettvettreglar

Helland skule

Gisela Smith-Nilsen

-rektor/einingsleiar-

## **ORDENSREGLAR VED HELLAND SKULE**

1. Ver høfleg, vennleg og hjelpsam mot alle på skulen. Hald ikkje på med aktivitetar som er farlege for deg sjølv eller andre (t.d. leikeslossing eller leik med kjeppar).
2. Møt på skulen i rett tid. Sjå etter at du har med dei bøker og det materiell som til ei kvar tid er nausynt, og at heimearbeidet er skikkeleg gjort.
3. Når du har vore hindra i å møte til undervisning, hindra i å førebu deg, ikkje kan ta del i delar av undervisninga eller skal søkje deg fri, skal foreldre/føresette levere skriftleg eller elektronisk melding.
4. Elevar har medansvar for ro og orden på klasserommet og i andre gang- og undervisningsareal. Elevar som er inne, skal vere på eige klasserom. For barneskulen gjeld dette også før skulen startar om morgonen.
5. Det er ikkje lov å nytte egne leiker på skule/SFO\*(sjå pkt.9 for utstyr vinteraktivitetar)
6. Godteri og brus skal ikkje nytast i skuletida. Ein kan vike frå regelen ved spesielle høve som t.d. juleavslutning.
7. Tobakk, e-sigarettar, snus, energidrikk og rusmiddel er forbode på skulen og ved alle skulearrangement.
8. 1.-10. klasse kan under eige ansvar ta med mobiltelefonen på skulen, men må då levere den inn ved skulestart. Mobiltelefonen vil bli utlevert ved skuleslutt. Forbodet gjeld også anna digitalt kommunikasjonsverktøy som t.d. nettbrett og smartklokke. Lærar kan gjere unntak frå regelen i tilfelle der t.d. mobiltelefon utgjer eit nyttig hjelpemiddel i undervisningssamanheng. Forbodet mot bruk av mobiltelefon gjeld også i SFO tida. Prøveordning skuleåret 2019-2020 for elevar i 1. og 2.klasse.
9. Ballspel skal gå føre seg på tilviste baner.  
Elevane på mellom- og ungdomssteget kan bruke rullebrett/rulleskøyter/syklar på asfaltplassen framfor idrettshallen eller andre tilviste sykkelområde. Alle skal bruke eigna beskyttelse som t.d. hjelm o.l. Syklar skal parkerast på tilvist stad. Det er lov å nytte ski, akebrett og skøyter i friminutta når forhalda ligg til rette for dette for slik aktivitet. For skøyter gjeld regel om hjelmbruk
10. Det er berre lov å kaste snøball mot blinkar som er meint til dette. Elevar på barnesteget (1.-7.) skal ikkje mjelva kvarandre. Elevar på ungdomssteget kan mjelva kvarandre på grusbana nedom ungdomsskulebygget.
11. Elevar skal ikkje ake på gangvegen mot busshaldeplassen vår.
12. Elevane skal ikkje forlate skuleområdet utan løyve.

### **Ved brot på ordensreglane har skulen mynde til følgjande tiltak:**

- a) Innesitjing i friminutt, fråtekne goder, eller andre naudsynte tiltak blir gjort av lærar.  
Halden att etter skuletid blir avgjort med vedtak av rektor i samråd med lærar.
- b) Bortvising frå delar eller resten av ein skuledag. Vedtak av rektor i samråd med lærar og foreldre/føresette.
- c) Bortvising i inntil tre dagar for elevar på 8.-10.årssteg. Vedtak av rektor i samråd med lærar og foreldre/føresette.
- d) Føresette kan verte gjort økonomisk ansvarlege for skadar pga. uvøren framferd.  
Rektor avgjer slike saker.

Ved slike tiltak, skal heimen ha melding frå skulen.

Føresette til elevar på 1.-7. årssteg skal varslast før det blir sett i verk bortvisning for resten av dagen

**Ordensreglane skal gjennomgåast og konkretiserast på alle årssteg,  
samt gjennomgåast i skulen sine rådsorgan kvar haust.**

**Godkjent av SU 02.09.2019**

## *Visjon*

*Vår målsetjing er å skape eit trygt, utfordrande og stimulerande*

*lærings- og oppvekstmiljø*

*for elevane ved Helland skule.*

### **TRIVSELSREGLAR FOR HELLAND SKULE**

Ute og inne vil barn og vaksne

leike i lag,

arbeide i lag,

hjelpe kvarandre,

lytte til kvarandre,

snakke fint til kvarandre,

snakke fint om kvarandre,

ta vare på det vi og andre har på skulen,

passer på at vi ikkje skadar oss sjølve eller kvarandre.

Vi skal følgje ordensreglane,

vise respekt for kvarandre, og saman

utvikle eit trygt, utfordrande og stimulerande arbeidsmiljø.

Trivselsreglane skal gåast gjennom og konkretiserast på alle årssteg,  
samt i skulen sine rådsorgan kvar haust.

**Godkjent SU 02.09.2019**



## NETTVETTREGLAR FOR HELLAND SKULE

- 1. Ver varsam med kva du legg ut av personlege opplysningar på nettet. Passordet ditt skal du alltid halde for deg sjølv.**
- 2. Ver oppmerksam på at andre du møter på internett ikkje alltid er den dei seier dei er. Gå aldri aleine for å møte nokon du har chatta med.**
- 3. Du må få samtykke frå dei det gjeld om du skal legge ut bilete eller informasjon om andre.**
- 4. Mobbing er heller ikkje lov på internett. Meld frå til ein vaksen om du treng hjelp til å få stoppa det, og dersom ein annan enn deg sjølv blir mobba. Hugs at det ikkje er like lett for andre å forstå om du tullar når dei ikkje ser deg "face to face".**



**Godkjent SU 02.09.2019**